

## Årsmelding for Valdreskvelven Spel og dansarlag 1989.

Årsmøtet for 1988 vart halde på Haukåsen den 8. februar 1989.  
Det var møtt fram 21 medlemmer.

### Styre:

Styret siste året har vore:  
Björg Berge, nestformann  
Nils Rogn, kasserar  
Inger Mona Bjærtnes, styremedlem  
Ragnhild Lundstad, skrivar  
Nils Leine, formann

Varamedlemmer: Andris Ødegården og Sigrid Eggen

Revisorar: Bjørn Skøre og Ola Wangensteen

Valnemnd: Marit Heensåsen, Oddveig Stuvøy og Kari Hagaseth

### Styremøte:

Det har vore sju styremøte det siste året.  
Andris Ødegården har møtt på fleire styremøte då Ragnhild Lundstad har hatt permisjon.

### Medlemstalet

Ved årsskiftet var det 65 betalande medlemmer i laget. Dette er fire fleire enn i fjor, men på grunn av det nye betalingssystemet er det nokre som ikkje har betalt, så talet burde vore endå høgare.

### Overgang til nytt betalingssystem

Vi fekk fyrst oversikt den 12. desember over kven som har betalt kontingent for 1989. Det viste seg at fleire ikkje har betalt. Då vi ikkje har hatt oversikt over dette, har vi ikkje fått purra på betalinga. Formannen har snakka med sekretæren i LFS. Han lova at det vil koma eit nytt system i vår. Dersom det ikkje gjer det, må vi ta over dette arbeidet sjølve. Dette har han fått beskjed om.

### Årsmøte i landslaget for spelemenn:

Dette var på Gol den 31. mars. Der møtte Nils Rogn som representant for Valdres Folkemusikklag, Björg Berge og Nils Leine for Valdreskvelven.

### Lokallagsleiarmøte:

Dette var på Fagernes den 9 desember. Der møtte leiaren og kasseraren.

### Medlemmer som har døydd.

Lars Wangensteen døydde sist haust. Det var ein av heidersmedlemmene i

laget. Ein annan heidersmedlem, Sigbjørn Bernhoft Osa, gjekk bort same dagen som vi hadde konserten no i februar. Det vart sendt helsing frå Valdreskvelven til båe familiane.

#### Rekruttering.

Det er opplæring i gang både på fele, langeleik og torader. Dette går gjennom Vang Musikkskule. På langeleik er det 8 elevar hjå Bjørg Berge, på fele er det 5 elevar hjå Trygve Bolstad og på torader er det 3 elevar hjå Steinar Grøv. Marit Bakken og Sigrid Eggen er leiarar for leikarring for store og små born. Dette blir óg drive av musikkskulen, og det ser ut til å vera eit populært tiltak.

#### Lokalkappleiken:

Det vart avvikla ein vellukka lokalkappleik på Åsvang den 8. april. Det deltok ca 35 i spel og song og ca 20 i dans. Det deltok 9 grupper og lag i gamaldanskonkurransen og tre på torader solo. Valdres Gamaldansorkester vann spekeskinka for beste lag i valdrestradisjon.

#### Andre tilstelningar.

Valdreskvelven har prøvt å arrangera festar ved ymse høve. Men det var ikkje før fredag den 2. februar det lykkast å få til ein fest etter lokalkappleiken. Då hadde vi besøk av dei seks fylkesmusikarane i Sogn og Fjordane. To av dei hadde kurs dagen etterpå saman med Trygve Bolstad. Det var ca. 20 med på det kurset, dei fleste unge felespelarar.

#### Deltaking på konsertar og kappleikar o.l.

Forutan lokalkappleiken har medlemmer av Valdreskvelven m. a. delteke på Jørn Hilme Stemnet, folkemusikkdagane i Porsgrunn og Landskappleiken. Den 16. april deltok medlemmer av Valdreskvelven på ein konsert arrangert av Vang Sang og Musikkråd.

Det same vart gjort på ein bokkveld den 27. oktober.

Spelemannslaget har spelt for pensjonistane i Thorpe Skule ein tysdagskveld i januar.

Etter konserten til fylkesmusikarane spelte Valdreskvelven til dans ein del av kvelden.

Langeleiktreff var det i Øystre Slidre 26. og 27. januar. Der deltok fleire medlemmer frå laget, og Bjørg Berge var instruktør. Dei unge felespelarane i laget var óg ein tur til Øystre Slidre før jul.

#### Hjelp på "Juli-89"

Valdreskvelven stilte med mange funksjonærar på Fagernes i juli. Noko sikkert tal på kor mange det var har vi ikkje, men det var lett å få folk til å stilla opp, både av dei som er medlemmer og andre. På Jørn Hilme Stemnet var Nils Rogn leiar.

#### Avlyste festar og kurs:

Dette året er kjenneteikna av avlyste festar og kurs. Det vil her ikkje bli gjort greie for alt dette, men det er fleire årsaker til at det er

blitt slik.

#### Logo laga av Tordis Leine Halvorsen

Laget fekk ny logo til lokalkapleiken. Dette vart gjort svært tilfredsstillande av Tordis Leine Halvorsen. Til alt overmål skulle kunstnaren nesten ikkje ha noko for arbeidet.

#### Gåve til laget:

I begravelsen til Lars Wangensteen kom det inn 2567 kroner. Dette bestemte Anna Wangensteen at Valdreskvelven skulle bruka i arbeidet for folkemusikken. Styret har bestemt at pengane skal gå til ein vandrepremie. Vi har sett pengane inn på ein høgrentekonto til vi har fått oversikt over kva slags vandrepremiar som trengst, anten på lokalkapleiken eller Jørn Hilme Stemnet,

#### Innkjøp av instrument:

Det vart bestilt ein langeleik hjå Peder Hermundstad. Den har Bjørg Berge hatt til utprøving ei stund. Ho vil visa den fram og la oss få høyra han på årsmøtet. Elles har styret sett av 10.000 kroner til innkjøp av instrument. Ein langeleik som laget eig, er i utlån. Styret har arbeidd med å setja opp ein standard lånekontrakt som dei som låner instrument av laget, må skriva under på.

Årsmøte i Valdreskvelven Spel og Dansarlag  
på Haukåsen onsdag den 14. februar 1990 kl. 19.30.

- 1.Val av møteleiar og skrivar.
- 2.Årsmelding.
- 3.Rekneskap for 1989 og budsjett for 1990.
- 4.Arbeidsprogram for 1990.

5. Medlemskontingenten for 1990.

6. Val av styre, leiar, varamedlemmer, revisorar og valnemnd.

7. Ymse.

8. Underhaldning.